

Sjuka barn i Holmedal montessoriskule

Retningslinjer for foreldre og tilsette

Retningslinjene er meint å vere rettleiande; og er baserte på tilrådingar frå Folkehelseinstituttet. Ved tvil – kontakt gjerne helsesøster eller fastlegen!

Generelt om febersjuka barn

Feber er eit vanleg symptom ved alminnelege tilstandar som forkjøling, øyreverk og vond hals. Det som avgjer om barn med feber bør vere heime eller ikkje, er allmenntilstanden. Hald barnet heime ved redusert allmenntilstand som gjer at barna ikkje kan delta i dei vanlege inne- og uteaktivitetane. Ved god allmenntilstand treng ikkje barn med lett feber å vere heime, og dei kan gjerne gå ut berre dei ikke blir kalde!

Augekatarr

Dette er vanleg ved forkjølingar, og kan enten skuldast bakteriar eller virus. Augekatarr forårsaka av bakteriar skal ein bahandle. Det er legen som avgjer om ein treng behandling eller ikke. Dersom barn vert sette på behandling, kan dei komme på skulen dagen etter. Dersom augekatarrren skuldast virus og legen bestemmer at behandling ikkje er nødvendig, treng heller ikkje barna vere hjemme.

Forkjøling

Barn med alminneleg forkjøling kan gå på skulen dersom dei er feberfrie og almenntilstanden er god. Barn med kraftig hoste eller kraftig rennande nase bør likevel vere hjemme, av omsyn til smitterisiko.

Diaré/oppkast

Med diaré meiner ein laus avføring meir enn 4 gonger dagleg. Oppkast/diaré er svært smittsamt, og ein bør halde barn med omgangssjuka heime 48 timar etter at dei er symptomfrie. Hugs god handhygiene!

Vannkoppar

... bryt ut ca to veker etter smitte, og er kjenneteikna ved feber, redusert allmenntilstand og utslett med væskefylte blemmer som klør. Ei bør halde barna heime til utslettet er tørka inn.

Brennkoppar

... skuldast hudbakteriar som dannar blemmer/sår med gulaktig væske. Utslett klør ofte, og ”flyttar seg rundt”, Kontakt lege ved mistanke; brennkoppar vert behandla med antibiotika og ein bør halde barna heime det første døgnet etter behandlingsstart.

Skarlagensfeber

Dette skuldast luftvegsbakteriar (streptokokkar); og smitten skjer ved dråpesmitte (hosting!). Kjenneteikna er halsbetennelse, feber og små raude prikkar på kroppen. Tilstanden vert som regel behandla med antibiotika, og barna kan gå på skulen etter oppstart av behandling.

Hovudlus, skabb og småmakk i avføringa

Ved hovudlus/skabb kontaktar ein helsesøster; her får du råd om tiltak. Behandlinga er reseptfri. Kontakt lege for behandling dersom de ser småmakk i avføringa. Barna kan gå på skulen etter oppstart av behandling!

Vorter og molluskar

Dette skuldast virus i huda; tilstandane er vanlege og treng inga behandling. Ved kløe/pirking kan dei bli betente; dekk då til med eit plaster.

Det gjeld ellers ingen spesielle førehandsreglar ved vorter eller molluskar

Lungebetennelse, øyrebetennelse og urinvegsinfeksjonar

Her gjeld barnets allmenntilstand; elles ingen restriksjonar!

Holmedal 23.01.2014